

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 64

Fylke: Møre og Romsdal.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Øksendal

Emne:

Bygdelag: Øksendal

Oppskr. av: A.E.Skrøndal.

Gard: Skrøndal

(adresse): Øksendal

G.nr. 9 Br.nr. 3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. **Eiga røynsle**

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Når te møttest i døra og tok samstundes i dørhandtaket eller klinka på kvar si side av døra, då tydde det dødsfall i huset.
2. Av varslar ved serskilde høve kan nemnast, at når e ein om våren hørde gauken gala, då hadde dei varsel på fleire ting. "Sør er sågauk-vest er viljagauk-nord er någauk og aust er giljagauk.." Altså tydde det dødsfall i huslyden når gauken gøt mot nord første gongen ein hørde han.
3. Eg har ikkje høyrte om slike midlar.
4. Har ikkje høyrte om det heller.
5. Eg har høyrte gamle folk fortel om "fegdarlus".
6. Det var ofte tala om "fegdaglår" og enne har eg høyrte slikt nemd.

D ø d s l e g a .

7. At folk måtte døy på ein sers plass i huset har eg ikkje ikkje høyrte nemt.
8. Ukjent for meg.
9. Ukjende ting her.
10. Ja, det vart ofte gjort.
11. Når presten kom tala han først med den døyande-seinare samlast huslyden i sjukeromet medan den sjuke fekk sakramentet.
12. Var det råd samlast born og systken kring dødslega.
13. Ja, det hende at den døyande kunngjorde korleis likferda og eignlutene skulle ordnast.

Tida mellom dødsfallet og gravferda.

14. Det vert nytta ymse uttrykk: "Han-eller ho hev fløtta frå oss!" "Han he sløkna". "Ho annast inatt". "Barnet dø idag tile".
15. Før å vissa seg om at døden var overstade ^hgeldt dei ~~ikk~~ eit ljøs framfor andlitet, eller ein spegel framfor munnen.
16. Nei, eg har ikkje ~~hørt~~ ^{hørt} gjete tilfelle av skindød i vår vår bygd.
17. Ja, auge vart attlatne og ein mynt lagt på augneloka.
18. Ja, det vart lagt ei salmebok under høka, og eit plagg knytt under høka og over hovudet.
19. Grannane vart varsla om nåsfallet-og oppmøda om å vera tilstades når liket vart lagt i kista.
20. Veit ingen regel om kven som gjekk rundt med bød.

21. Slikt er heilt ukjent her.
22. Desse seremoniane er òg ukjent.
23. Det var avhengig av kva tid den avlidne annast. Var det seint på kvelden vart liket liggjande i sengi til morgonen, og då lagt i kista og børe ut. Men var den avlidne avlidne sløkna så tidleg på dagen, at dei vann å legg liket i kista før på seinkvelden, så gjorde dei det.
24. I gamle dagar, då dei sjølv arbeidde likkista, vart liket først teke ør sengi og lagt på eit sengbenklek ~~ku~~ til kista vart ferdig.
25. Nei.
26. Når det er bruka nemninga "likstrå", så tyder dette halmen i senga.
27. Halmen vart brent såsnart den avlidne var lagt i kista.
28. Det vart nok brent gamle sengklær og kanskje gamle gangklær, som hadde tilhørt den døde, ilag med halmen.
29. Likstrå utanom senghalm er ukjent.
30. Liket vart ställt såsnart ein vann det.
31. Dei eldste kvinnene i huset.
32. Ikkje det eg veit.
33. Ja, håret vart ställt.
34. Ja, mennene vart barbert.
35. Neglene vart klipt.
36. Liket vart vaska.
37. Ukjent her.
38. L I K K L Æ R.
38. Det vart sagt: "Å bu liket". (Bu-ørna- stella)
39. Likklærne vart kalla "likskjorte- liklaken"
40. Sveitteduk er kjent. Han vart lagt over andlitet.
41. Ukjent her.
42. Det var likskjorte-høser og laken- pute og sveitteduk.
43. Om brurskjorta fanst vart ho bruka.
44. Den tida linklær var bruka, var likklæda av lin.
45. Dei hadde høser på føterne.
46. Berre høser.
47. Det veit eg ikkje om.
48. Dette er òg ukjent.
49. Ukjent.
50. Ja, det var bruka bløndar.
51. Eg trur det var kring 1915-~~5x~~ eller 20 at det vart vanleg å kjøpe ferdige lik-klær.
52. Ne blir det kjøpt ferdige lik-klær av papir.
53. Ne vert dette kalla "svøp"
54. ~~Det~~ Det kan eg ikkje hugse.
55. Heller ikkje det.
56. Ukjent her.
57. Ikkje det eg veit.
58. I gamle dagar hadde dei kista liggjande ferdig til bruk før gamle folk. Om dei ikkje hadde ferdig kiste, så låg det altid fjøler som var skikka til å laga lik-kiste av.
59. Eg har ikkje høyrte gjete anna enn spikar til å slå saman kista med.
60. Ja, det var strepper av taug festa godt under botnen slik at dei var god å få handfeste i.
61. Kista vart laga av snikkar i grannelaget.
62. Kista var svart. Målinga vart laga av kimrøk og limvatn.
63. Kvitmåla kister kom ibruk etter at det vart vanleg å kjøpe dei ferdige.
64. Opning i kisteløket har eg ikkje sett.

65. Det vart nytta høveåspen til underlag for liket.
 66. Puta var og fyllt av høvelspen.
 67. Ne før tida vert kistene kjøpt ferdige. Kvitmåla.
 68. Har ikkje høyrte noko om ting som skulle leggjast i kista.
 69. Ukjendt her.
 70. Kista vart pynta, men kørs av halm er ukjendt.
 71. Linfrøstrøing er ukjendt.
 72. ~~Ik~~ Slikt er og ukjendt.
 73. Nei, det er ukjendt her.
 74. Ja, grannar og slektningar kom i dette høve. Det vart nemt "legg i kista".
 75. Det var matstell etterpå-ein kopp kaffe og smørbrød.
 76. Kista vart sett på låven eller i eit rom i stovebygninga som var ubruka.
 77. Noko sers pynting var det ikkje såvidt eg veit.
 78. Romet vart heller ikkje omframt pynta.
 79.-80-81-82. Har ikkje noko å opplysa om desse spørsmål.
 83. Løket vart lagt på, men ikkje fastskruva.
 84. Ansiktsduken var firkanta.
 85. Sveitteduk.
 86. Det hende. Men borna var sjeldan med.
 87. Ikkje gravkapell her.
 88. Fell bort.

S O R G.

89. Ja, det fall naturleg å gå stille i dørerne når det var dødsfall i huset.
 90. Ingen sers forskrif~~ak~~ -ter.
 91. Ingen fastsett syrjetid.
 92. Ingen ålmenne skikkar.
 93. Ingen syrjeklør laga før høvet, men helst myrke klær.
 94. Ikkje det eg veit.
 95. Nei, slikt kjenner eg ikkje til.
 96. Nei, ukjende ting for meg.
 97. Nei.

S y n g e u t l i k e t.

98. Det var ikkje nokon regel for kva dag etter dødsfallet likferda skulle vera. Vanleg vart det i veke etter.
 99. Her er nemninga mest "gravøl".
 100. Liket vart sunge ut or stova. Men det hende at denne høgtida vart føreteke ute på tunet i gødver.
 101. Løket vart teke av kista føre "uttakinga", d.v.s. medan ho stod i det romet liket hadde stått i etter det vart lagt i kista. Då fekk dei som ynskte det sjå liket. Presten eller ein annan som var tinga til det heldt liktalen i stova, dit kista no var bora. Føre at liket vart bora inn i stova vart kista pynta med grønt og blomar.
 102. Åkle veit eg ikkje om har vere bruka.
 103. Eg har sett det har vere bruka ljøs, men dei stod på kista og var tendt.
 104. Dette veit eg ikkje noko regel for.
 105. Dei vart teke av og sett bort.
 106. Fell bort.
 107. " "

109. Dette er ukjent.
110. Om "likvaka" veit eg inkje noko å fortel. Det har al-
vist ikkje vere brukvis så langt attende eg veit.
(1900)
111. Fell bort.
112. Gråtekoner ukjent her.
113. J, det vart sunge seint-heller lågt og slepande.
114. Presten er vanlegvis tilstades-slik har det vere så-
lenge eg minnest.
115. Frå 1890 åra sikkert.
116. Det var læraren eller ein annan vyrd mann som gjorde ~~det~~
det når presten var hindra for å vera tilstades. Det
gjekk for seg som vanleg .
117. Ukjent her.
118. Fell bort.
119. Det var dei næraste av den avlidne-søner- brør-gran-
nar.
120. Det har eg ikkje høyr.
121. På same måte.
122. Eg trur det er vanleg at fetenden går først.
123. Ukjent her.
124. Ukjent her.
125. Det var strødd med einer eller bar sumtid, men ikkje
vanleg regel.
126. Nei, det har eg ikkje sett.
127. Ukjent her.
128. Ingen regel for det.
129. Nei, det fylgde med i likferda så mange som megeleg
130. Så langt attende eg veit.
131. Ja, det vert rekna for ei ære for den avlidne og æt-
ta når det er mykje folk som møter opp og fyljer til
grava.
132. Her er det lite brukt å pynta vegen med einer eller
granbar, og heller ikkje er det brukt ærespert e.l.
133. Det er lite brukt med strøing av einer eller bar der
gardsvegen møter hovudvegen. Men i Eirisfjorden har eg
sett det har vere gjort.
134. Ja, her er det vanleg å heisa flaget på halv stong ~~gravvis~~
gravølsdagen. Det har vere gjort til alle tider-sålen-
ge det har vere flagstenger på gardane.
135. Her brukar dei å flagga på halv stong i grannelaget
og på gardane langs ruta for likferda.
136. Nei, det har ikkje vere gjort her.
137. Fell bort.
138. Det har vere flagga på halv stong heile gravølsdagen.
139. Nei likferda stansa ikkje før dei kom på gravstaden.
140. ~~Det~~ Det var ikkje nokert synleg oppmøte eller vin-
king frå dei gardane ein for ferbi.
141. Ingen song ved gardane det eg veit.
142. Ukjende ting her.
143. " " "

144. Ingen regel før det.
145. Kista vart sett beinast på sleden-eller vogna-utan nokort underlag.
146. Har ikkje høyrte neken rekel før kva farge hesten skulle ha.
147. Ingen regel før slikt her, såvidt eg veit.
148. Ja, det skulle ikkje køyrast i tråv til kyrkjegarden.
149. På heimvegen kunne dei køyra slik dei ville, før då var ikkje likfyljet samla. Dei køyrde meir kvar for seg.
150. Det var einkvan av dei næraste til den avlidne som køyrde likvogna, sonen køyrde faren-mor eller beste-forelder.
151. Som oftast gjekk køyraren ved sida, men det hende at han sette seg på, og då helst på sida av kista.
152. Serskildt songar veit eg ikkje av.
153. Ukjende tilhøve her.
154. Slikt er ukjent her.
155. Har ikkje høyrte neke om slikt.
P å k y r k j e g a r d e n .
156. Eg har ikkje sett ahna enn at kista vart teken beinast frå slede eller vogn, og bære burt til gravi. Her vart kista sett ned på kanten av grava før så å festa krokane i dei tauga som er nytta til å senka liket ned i grava.
157. Båre har ikkje vore ibruk her, det eg veit.
158. Fell bort.
159. Det var oftast dei same som bar kista ut og steva i heimen.
160. Nei, såvidt eg veit var det ikkje gjort neke sers med hesten under jordfestinga.
161. Presten mødte opp ved inngangen til kyrkjegarden.
162. Kista vart bære beinast til grava.
163. Fell bort.
164. Det var ingen song medan kista vart bera til grava.
165. Kista vart ikkje bære rundt grava.
166. Det vart ringt med kyrkjeklekkene frå den tid ringgjaren frå tårne fekk auga på likferda, og til den tid liket var senka i grava. Etter at presten var ferdig med jordepåkastinga, vart det så ringt ei stund.
G r a v a .
167. Eg er ikkje heilt sikker på kva tid det vart tilsett fast gravar ved Øksendal kyrkje. Men eg skulle ikkje vera langt frå sanninga, om eg sa frå kring århundradskiftet.
168. Her har eg ikkje høyrte anna namn enn "gravar".
169. Grava vart kasta opp i god tid føre gravølet, og det var garðsfolket eller einkvan av grannane som gjorde det.
170. Før i tida- før det vart tilsett fast gravar, var det mennene i likferda som kasta att grava. Det var ikkje neken fast regel før kven det skulle vera.
171. Her har eg ikkje høyrte neke om den skikken, at mennene kasta jord på kista etter at presten var ferdig.
172. Ingen annar meining enn dei religiøse.
173. Var ikkje presten tilstades vart det sett ein staur ned på kista- og denne vart dregen opp når presten seinare kasta på jord.
174. I gamle dagar vart grava opphøgd, og eit enkelt trekors sett opp med namnetrekk åt den avlidne -fødsel og døds dato.

175. Det er ikkje nokor fastsette dagar som er nytta til gravpynting.

iføx Ser lege tilfelle.

176. 77-78-79-80-81.

Eg har ikkje hørt gjete nokor serleg framferd i slike tilfelle.

Gravøl.

182. Me brukar ordet gravøl.
183. Det var hovudpersonen i huslyden som var gravølsbedar, Fast bedemann har eg ikkje høyrte gjete.
184. Bølaget var det same både før brudlaup og gravøl.
185. Ingen regel før utstyret åt bedamannen, det eg veit.
186. Bedamannen skulle føra seg verdig og ålvørleg.
187. Ingen sers ordlyd, det eg veit.
188. Bedamannen vart oftast beden mat.
191. ~~188.~~ Før århundradskiftet vara gravølet både 2 og 3 dagar. Første dagen var det kaffe og mat føre liket vart teke ut-middag når folket kom att frå gravstaden-etterpå kaffe-og så kveldsmat. Same måltida neste dag og.
189. Bedabrev er ikkje kjend her.
190. I gamle dagar vara gravølet både 2 og 3 dagar.
192. Har ikkje høyrte forbed mot ymse mat.
193. Ukjende ting her.
194. Det er ikkje nokor regel før fritaking av arbeid.
195. Ikkje nokor regel før stillstand av arbeid.
196. Gjestene hadde sendingane med seg når ~~akk~~ dei kom til gravølsgarden.
197. Fell bort her.
198. " " "
199. Ingen fastsett pynt.
200. Heile eller halve sendingar har eg ikkje høyrte nemt.
201. Frå skikken med fleire dagars gravøl, byrja folk ei rid etter århundradskiftet å gjera gjestebedet ~~xx~~ av på 1 dag. Men då med mat føre uttakinga av liket i heimen. Kring den siste verdskrig vart det gått over til å møtast i heimen ved uttakinga av liket-utan matstell-men med middag etter dei kom att frå kyrkjegarden. Seinare har dat og vorte mykje skikk å møte fram ved grava, utan nokor serskiltd beding-og med 1 kopp kaffe i heimen etterpå. Sumtid vert bruka middag og kveldsmat.
202. Eg har ikkje sett det har vere bede alkohol på gravøl, (Frårekna heimbyggja øl) i tida etter 1910.
203. Nei, tvertimot bryggjing og sendingar slutta før før gravøl enn før andre gjestebed.
204. Ja, sendingane held på meir å og meir å koma bort. Istaden vert det teke med blautkake. Kransar til den avlidne er alltid bruka. Eller og blomkettar.
205. Kransar kom meir og meir ibruk etter 1915.
206. Før vart kransane laga heime av lyng- bar- og blomster.
207. Ne vert det bruka silkeband med påskrift, og det og kom meir og meir ibruk etter kring 1915.
208. Ingen kransar vert lagt på kista i grava.
209. Kransane vert liggjande på kista og før dei fleste sin del grave ned, men nokre kunne bli teke av kista og lagt oppe på grava etter at ho er attkasta.
210. Om matstell på gravøl, sjå 201. Alkohol på gravøl er ukjent no.
211. Gravølsmiddag på hotell er heilt ukjent her. Det finnst ikkje hotell i Øksendal
212. Dødslysing i blad kom ibruk etter århundradskiftet.